

Protokoll årsmøte i Odda Mållag søndag 23. februar 2025 i Ungdomshallen

14 røysteføre deltok.

Nestleiar i Noregs Mållag Live Havro Bjørnstad deltok og på møtet.

Slik sakliste var sendt ut til medlemene

- 1. Godkjenning av innkalling og sakliste**
- 2. Val av ordstyrar**
- 3. Val av skrivar og to protokollunderskrivarar**
- 4. Godkjenning av årsmeldinga for 2024**
- 5. Godkjenning av rekneskapen for 2024. Rekneskapen vert lagd fram i møtet**
- 6. Målprisen 2024**
- 7. Innspel til Hordaland Mållag før Stortingsvalet 2025**
- 8. Val av styre**
- 9. Val av valnemnd. Styret kjem med framlegg**
- 10. Val av revisor**
- 11. Val av fire utsendingar til årsmøtet i Hordaland Mållag på Sotra 5. - 6. april**

Leiar i laget Sigrid E. Lerbak ønska vel møtt og leia opninga av møtet.

- 1. Godkjenning av innkalling og sakliste**
Ingen hadde merknader
- 2. Val av ordstyrar**
Terje Kollbotn vart vald til ordstyrar og tok over som møteleiar.
- 3. Val av skrivar og to protokollunderskrivarar**
Harald Jordal vert vald til ordstyrar.
Siri Jordal og Elfrid Bay vart valde til protokollunderskrivarar.
- 4. Godkjenning av årsmeldinga for 2024**
Terje Kollbotn la opp til at det kunne setjast fram merknader/kommentarar til kvart kapittel. Sigrid las årsmeldinga kapittel for kapittel. Ingen merknader framsett og årsmøtet vedtok årsmeldinga slik den var lagt fram. Styret fekk spontan applaus for meldinga.
- 5. Godkjenning av rekneskapen for 2024**
Rekneskapen vert lagd fram i møtet.
Sigrid las opp revisor Dagmar Lien Isdal sin e-post til årsmøtet i Odda Mållag:

“Rekneskapen til Odda Mållag viser eit positivt resultat på kr 46.200 for 2024. Rekneskapen er ikkje ferdig slutført, og har mindre avvik på bank, kasse og fordringskontoar pr 31.12.24. Rekneskapsoversikt pr 22.02.26 gjer likevel ein god oversikt over den økonomiske stillinga til laget.

Rekneskapen må vera ferdig revidert før innsendinga av mva-oppgåva for 2024. Denne har frist 10. mars 2025. Revisor rår årsmøtet til å ta rekneskapen til etterretning på årsmøtet 23. februar. Styret sørger for ferdigstilling av rekneskapen, og innsending av mva-oppgåve innan fristen”.

Ordstyrar Kollbotn oppsummerte:

Avviket er begrensa til ca 2.000. Rekneskapen gir eit godt nok bilete og tilrådde at årsmøtet vedtok framlagde økonomioversikt med revisor si tilråding til årsmøtet med konkrete føringar til styret.

Samrøystes vedtak: Årsmøtet godkjende dette opplegget samrøystes

6. Målprisen 2024

Harald Jordal las opp styret si grunngeving for tildeling av målprisen 2024. Ingen andre framlegg vart reiste

Samrøystes vedtak: Målprisen 2024 vert tildelt Boliden Odda AS for boka “Zinken”

7. Innspel til Hordaland Mållag før Stortingsvalet 2025

Målkrava og initiativ til møte med dei politiske partia sine stortingskandidatar låg i sakspapira.

Harald orienterte kort om bakgrunnen og om prosessen i styret og at det og hadde vore ei nemnd som hadde vore i arbeid. Møtet drøfta saka.

Siri Jordal føreslo pkt 7 endra til:

Trykte og digitale læremiddel i skuleverket må koma ut både på nynorsk og bokmål til same tid og pris, slik det et er lovfesta.

Møteleiar Kollbotn føreslo slik votering:

1. Om Odda Mållag skal senda forslaget til Hordaland Mållag for handsaming på deira årsmøte.
2. Om ja i førre punkt, vedta konkret ordlyd.

Vedtak pkt 1: Samrøystes ja

Vedtak pkt 2: Ordlyden i pkt 7 vart samrøystes endra i samsvar med Siri Jordal sitt framlegg.

8. Val av styre

Siri Jordal la fram valnemnda sitt forslag:

Styret

Leiar: Elin Bay Eikemo	1 år
Harry Solberg	ikkje på val
Solveig Grønlien	ikkje på val
Harald Jordal	attval 2 år
Sigrid E.Lerbak	val for 2 år

Varafolk - alle for 1 år

Knut O. Dale attval
Håkon Widding attval
Ragnhild Helle ny

Elin Bay Eikemo presenterte seg for årsmøtet. Ho vart vald til leiar med allmenn akklamasjon. Resten av valnemnda si innstilling vart samrøystes vedteken.

9. Val av valnemnd.

Sigrid: Siri Jordal går ut etter 3 år i valnemnda. Stine K. Haugland har eitt år att, men er ikkje lenger medlem og har ikkje delteke i arbeidet. Øystein Kambestad har 2 år att. Det må difor veljast 1 for eitt år og 1 for 3 år. Styret la ikkje fram forslag til årsmøtet.

Vedtak: Styret får fullmakt til å velja medlemmer i valnemnda for 1 og 3 år.

10. Val av revisor

Samrøystes vedtak: Dagmar Lien Isdal

11. Val av fire utsendingar til årsmøtet i Hordaland Mållag på Sotra 5. - 6. april

Terje Kollbotn, Knut O Dale og Harald Jordal vart valde som utsendingar. Styret får i oppgåve å velja 1 utsending til og varafolk.


Terje Kollbotn takka for seg og Elin Bay Eikemo takka for tilliten.
Møtet slutt kl 19.00

Harald Jordal - referent

Rett protokoll



Elfrid Bay



Siri Jordal